



GODETILBAKEMELDINGAR: Publikum var godt nøgde med det Bjarne Svanøe hadde å vise fram i Bergen i helga. Alle foto: Svend Arne Vee

BERGEN:
Laurdag opna Bjarne Svanøe separatutstillinga si på Galleri Siverts i Bergen, og aldri har interessa for Florø-målareren vore større i vestlandshovudstaden.

Rekord-respons for Svanøe i Bergen

– Eg er godt nøgd med å ha fått Bjarne og arbeida hans til Bergen nettopp no. Kvaliteten på utstillinga er svært høg, og responsen frå publikum er god, sa gallerist Tore G. Sivertsen då Firdaposten var innom opninga på Galleri Siverts i Korskirkealmenningen laurdag føremiddag.

Lokalet var heilt fullt, og fleire bilete blei kjøpte allereie dei første timane.

Krevjande arbeid

Utstillinga har vore eit krevjande prosjekt for Bjarne Svanøe. Av dei 36 arbeida som var utstilte, var så mange som halvparten heilt nye bilete. Jazzmotiva var velkjende for oss, det same var ein del lokale kystmotiv. Men i tillegg var det bilete frå Middelhavet som vekte merksemd.

– Eg var på Middelhavstur i sommar, ein tur som resulterte i ein god del nye bilete, fortel Bjarne Svanøe, som på turen blant anna måla den vakre klippekysten ved Nice.

Svanøe fekk mange lovord frå publikum på opningsdagen, noko han sette stor pris på.

– Det verkar som om interessa rundt bileta mine er større enn nokon gong her i Bergen. Det er utruleg moro, og i tillegg viktig for meg, seier Svanøe.

Utstillinga på Galleri Siverts varar fram til søndag 26. november, og deretter tek kunstnaren ein vel fortent pause.

Tek utstillingspause

– Dette har vore eit hektisk år, med svært mykje jobbing. Når eg er ferdig i Bergen, treng eg ein pause frå sjølve utstillingsjobbinga, som tek mykje tid, seier Svanøe, som tidlegare i år



TEK KUNSTPAUSE: Neste år vil Bjarne Svanøe halde ein lågare profil på utstillingsfronten. – Dette året har vore i overkant hektisk, seier florømalaren.

også var festivalkunstnar under Balejazz-festivalen.

– Og vil du sjå dei siste produksjonane til Svanøe, må du ta turen til Bergen. I 2007 vert det ifølgje kunstnaren få sjansar å sjå arbeida hans.

– Det er ikkje sikkert eg stiller ut i det heile i løpet av neste år, i så fall vil det bli heilt på seinhausten, seier Svanøe.

svend.arne.vee@firdaposten.no
908 47 465

Kvelds/helgevakt



Dag Frøyen
916 08 361

Send tips på SMS
til 2097 (kr. 1,-)
med kodeord fptips

TIPS OSS